

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tysdag 27.02.2018.kl 19.00

Sak 02-01-18: Innkallinga vart godkjent

Sak 02-02-18: Godkjenning av møtebok 30.01.2018

Sak 02-03-18: Referatsaker
• Møtebok frå AU 12.02.2018

Sak 02-04-18: Orienteringssaker
• Det er planlagt opplæring i kyrkja 17.April.
• Neste soknerådsmøte blir flytta ein dag fram til Mandag 9. April.

Sak 02-05-18: Godkjenning av rekneskap 2017
• Rekneskapet for 2017 vart godkjent.

Sak 02-06-18: Godkjenning av budsjett 2018
• Budsjettet for 2018 vart godkjent.

Sak 02-07-18: Godkjenning av årsmelding 2017
• Årsmelding for 2017 vart godkjent.

Sak 02-08-18: Appell ved minnestøtta 17.Mai
• Soknerådet har ansvar for å finna ein person til å halda appell og leggja ned krans ved monumentet ved kyrkja 17.Mai. Soknerådet diskuterar og kjem med nokre forslag.

Sak 02-09-18: Kjøp av ny prosjektor og nye lerret
• Den eldste prosjektoren på talarstolsida virkar ikkje lenger. Forslag om å kjøpa ny tilsvarande/lik som på motsatt side. Samtidig oppgradere med nye fastmonterte lerret på vegg. Framlegg til vedtak: Soknerådet er samde om å kjøpa ny prosjektor og nye lerret.

Sak 02-10-18: Arbeid med tilsetjing av ny kontor
• Kantor Jostein Molde har sagt opp stillinga si, og sluttar 1. oktober. Administrasjonsutvalet i Fellesrådet har sett ned ei tilsetjingsnemnd som jobbar med utlysing, gjennomføring av intervju og vurdering av kandidatar til stillinga. Sokneråda i Bremnes og Lykling får saka til uttale før det blir tilsett ny kontor. Kantorstillingane er blant dei største og mest krevjande stillingane fellesrådet har ansvar for. Tilsetjingsnemnda bed difor om innspel frå soknerådet om kva me ønskjer av ein ny tilsett i denne stillinga. Det er avgjerande at me ved utforming av utlysingstekst har ei bevisst haldning til kva som skal vektleggjast ved tilsetjing. Bremnes sokneråd diskuterar temaet og tilrår at det utlysast etter *Kantor* /

DEN NORSKE KYRKJA

Bremnes sokneråd

kyrkjemusikar til stillinga. Ein vektlegg også det viktige samspelet med det omfattande trusopplæringsarbeidet, diakonale arbeidet og kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkja.

Sak 02-11-18: Offer- og kyrkjevertliste

- Soknerådet set opp oppdatert liste fram til 17.05.2018.

Etter møtet blir det utdeling av matriell til KN-aksjonen.

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær